

## Referat styremøte 12.08.2020

Desse møtte: Ronny Vedå, Gaute Aamlid, Roger Vangen, Tom Olav Moldskred, Ola Vangen, Thor Einar Aurdal

Møtested: Teams

### Sak 15/2020 – Samlagsstemne bane 2020

Styret diskuterte korleis samlagsstemne bane kan gjennomførast. Stemnet blir stort sett gjennomført slik som det har vorte gjort før. For å kunne arrangere stemnet på best mogleg måte med fokus på smittevern mot Covid-19 så vert det gjort nokre tiltak:

- Det vert skote 35-skot fortløpande i kvart lag.
- Grunnlaget for 35-skota går inn i lagskytingane.
- Det blir ført besøksprotokoll av publikum som møter på stemnet, med kontakt info.

I tillegg så arrangerast organisasjonsskytinga inn i dei 35-skota, slik som det har vore gjort på tidlegare samlagsstemner. Grunnen til dette er fordi det ikkje blei gjennomført etter planlagte datoar på grunn av Covid-19.

### Sak 16/2020 – Heiderspris 2020

Styret fortsette diskusjonen ang eventuelle heidersprisar.

### Sak 17/2020 – Terminlistemøte/leiarmøte

Tidlegare år har det vore arrangert terminlistemøter og leiarmøte ein til to gongar i året for skyttarlaga i samlaget. Dette har blitt gjennomført tidlegare som eit hjelpemiddel for styret i forbindelse med jobben med nye terminlister og eventuelt andre saker som skyttarlaga ynskje at styret skal ta tak i. Dette vil styret fortsette med. Det blir kalla inn til eit leiarmøte av Ola i månadsskifte august/september.

Agendaen for møtet blir temaene:

- Terminliste 2020/2021
- Engasjement og lagsmiljø
- Status blant skytebanene i samlaget
- Rekruttering
- Viktige tingsaker

## Sak 18/2020 – Status økonomi

Kasserer kunne fortelle at økonomien i samlaget er bra. På grunn av Covid-19 så har det ikkje vore like mykje utgifter som det vanlegvis er. På kontoane til samlaget står der ca. 195 000kr og det er eit lite lager på medaljar for dei ulike meisterskapa.

## Sak 19/2020 – Heime-LS

På grunn av Covid-19 så blei landsskyttarstemnet i Elverum utsett til neste år. Som eit plaster på såret så har skyttarkontoret og Norges skyttarstyret oppfordra skyttarlag over heile landet til å arrangere «Heime-LS» på sine egne skytebaner. Dette blei gjennomført som ei landsdekkande korrespondanseskyting der alle inn registrerte resultat blei rangert klassevis.

Teodor Klokset Lilleng (R) frå Engesetdal/Skodje skyttarlag og Ivar Skaar Pedersen (4) frå Langevåg skyttarlag vann begge si klasse. Dette meina styret er verdt og markere. Leiar vil prøve å få på plass premiar for ei markering under samlagsstemne bane.